



# Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 29.11.2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## **RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2022 – HAMRAN PÅ BERGEM I TINGVOLL – BN00085161**

Dykkar ref. 2022/202.

### **Utført arbeid 2022**

#### **Slått**

To frå den yngre generasjonen hadde sett av 2,5 veker til slåttearbeid, men ettersom denne juli-sommaren vart ein sommar under mottoet «ikkje eit døgn utan nedbør», måtte dei dra før slåttan var over. Irene vart igjen og fekk avslutta i finvêr. Slåttetida vart frå 19. til 31. juli. Storparten av graset vart handsama på rette måte, tørka og snudd før det vart dradd bort på presenningar.

På enga på oversida av vegen var det tynt med gras i år, og store mengder finnskjegg og knappsviv. Ein god del lyng, bl.a. blåbærlyng og skot av bjørk er det også langs skogkanten på denne enga.

På den såkalla badmintonplassen (einaste plassen der det er flatt på Hamran) er det nesten ikkje grasvekst, men open jord med litt torvmose og bjørnemose. Mogleg det kan forklarast med at det er myrstankelbein som herjar litt.

Det vart ikkje fullverdig naustslått, men Irene tok ved hjelp av sigd og greinsaks alt ho såg av ospe-, selje-, rogn- og bjørkeskot, som blei fjerna i byrjinga av september.

#### **Etterbeiting**

I år hadde vi 10 trivelege dyr, 6 sauer og 4 lam, frå 11. til 18. september. Ettersom det var over ein månad sidan slåttan vart avslutta, var det bra ettervekst og det var god nytte i beitinga.

#### **Hogst**

Det var planen å hogge ei stor bjørk litt ned for fjøsen. Men så blei det aktuelt å fjerne ei bjørk med begynnande rote nær lågspentlina. Etter kvart kom ein til at ein då skulle fjerne to bjørker til mellom vegen og den øvre teigen. Bjørkene syner i venstre biletkant på figur 1 i

rapporten frå 2021. NEAS kom 21. oktober og felte tre bjørker på oversida av vegen. Dette vil gje mykje meir lys på den øvre enga.

### **Moseforsøk**

Irene var usikker på om det var behov for hønsegjødsel i år, og det enda med at ho hadde på litt, under 10 liter på 100 m<sup>2</sup>, i slutten av mai. Ved observasjonen i slutten av august: På den vestre delen av forsøksfeltet er det ganske tydeleg mindre med bjørnemose. På den austre delen av forsøksfeltet legg ein merke til at smalkjempe er kraftig, men talmessig truleg på retur.

Det ein ser kan tyde på at slått år etter år utan tilføring av husdyrgjødsel kan føre til bjørnemose. Samtidig ser ein at ein art som smalkjempe som mistrivst med mykje gjødsel no seier frå om at det er nok, kanskje meir enn nok. Dette er omtrent som venta.

Dei neste tre åra bør det ikkje tilførast gjødsel på forsøksfeltet. Observasjon av tilstand med omsyn til bjørnemose og smalkjempe bør halde fram.

Elles blei to av bjørkene som blei felt lagt over vestre del av forsøksfeltet. Det har ført til litt sagflis på området, i tillegg til ein god del trakk. Sagflis er næringsfattig og har moglegvis som verknad at gjødselverknaden blir jamna litt ut og fordelt over lengre tid.

### **Tidsbruk/økonomi**

Det er ikkje ført nøye rekneskap med arbeidstida i år, men omfanget har vore som normalt. Løyvinga var på kr 27300. Det er betalt kr 3700 for hogst og administrasjon, 20000 for slåttearbeid og 3600 for slåmaskinleige.

### **Behov neste sesong**

Det er stadig behov for tynning av skog langs kantane. Sør for låven er det truleg størst verknad av skugge no. Det ligg no til rette for å felle ei stor bjørk som har stått på hjørnet nær dei 5 førnemnte ospene. Elles bør ein fjerne minst eit av dei største trea på nedsida av slåttemarka pr. år, i tillegg til noko av mindre dimensjon.

Med helsing

Øystein Folden

Kopi: Tingvoll kommune



**Figur 1. Bilete 28.07.2022. Irene Bergheim. Området som er omtala med gjødslingsforsøk, før slått.**



**Figur 2. Bilete 13.09.2022. Irene Bergheim. Teigen ned for vegen og aust for fjøset. Dette året fekk ein til beiting med sau.**



**Figur 3. Bilete 13.09.2022. Irene Bergheim. Eit område til venstre har truleg fått eit angrep av myrstankelbenlarver.**



**Figur 4. Bilete frå 30.07.2022. Foto Irene Bergheim. Klårt for siste presenninglass.**



**Figur 5. Bilete frå 21.10.2022 Foto: Ståle Husby. Dei tre store bjørkene på overside av vegen er nett hogd.**



**Figur 6 Bilete frå 2.11.2022. Foto Øystein Folden. Stammer og kvist frå hogsten er no ute av slåttemarka.**